



Statsforvaltaren I Vestland
Njøsavegen 2
6863 Leikanger

Referanser:
Dykkar:
Vår: 23/6135 - 23/64024

Saksbehandlar:
Eilin Houlison Molvik
eilin.houlison.molvik@alver.kommune.no

Dato:
22.08.2023

Oversending av søknad om dispensasjon til uttale - gbnr 137/288 Alver

Tiltak: Dispensasjon for etablering av naust
Byggjestad: Gbnr: 137/288
Tiltakshavar: Per Thorgersen
Ansvarleg søkjar: Per Thorgersen

Saka gjeld søknad om dispensasjon frå plan- og bygningslova § 1-8 i samband med planlagt oppføring av naust på eigedom gbnr 137/288. Det er i same søknad søkt om dispensasjon frå pbl § 1-8 for arealoverføring mellom eigedom gbnr 137/288 og gbnr 137/549.

Administrasjonen har valt å dele opp søknaden med heimel i plan- og bygningslova § 1-6 då dette gjeld to sjølvstendige tiltak som kan handsamast uavhengig av kvarandre, sjå oversending i eige skriv vår saksreferanse 23/5780.

Det er ikkje komne merknadar til varsla tiltak. Ved gjennomgang av søknaden vert det avdekka at det planlagde tiltaket truleg vil krevje at det vert søkt om og ligg føre dispensasjon frå arealbruken bustad, då det ut i frå motteken situasjonsplan ser ut som om at planlagd naust delvis vert ført opp innan felt BAB1 (naust) og delvis innan areal avsett til bustadføremål. Det vert send skriv til søkjar der det vert bedt om avklaring av korvidt tiltaket krev dispensasjon frå arealbruk samt oppdatert situasjonsplan der planlagd naust er innteikna på plankart som syner arealføremål.

Planstatus

Aralet ligg i uregulert område innanfor det som i kommunedelplan for Knarvik-Alversund med Alverstraumen er avsett til Naust (BAB1) samt delvis på areal avsett til bustadføremål.

Naustet som er planlagt oppført er opplyst å ha eit samla bruksareal på om lag 40 m² BRA. Det var i historisk sak i tidlegare Lindås kommune, sak 00/2345, gjeve løyve til etablering av naust, dette vart aldri realisert og løyvet er gått ut.

I KDP pkt. 2.2.2 ligg det krav om at før det kan gjevast byggeløyve så skal område BAB1 inngå i ein detaljregulering. Det er ikkje søkt om dispensasjon frå plankravet.

